Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Gamal engkultur

Oppskr. av: Johan Reppen

(adresse): Sogndal, Sogn

Fylke: Sogn og Fj.

Herad: Sogndal

Bygdelag: Indre Sogn

Gard: Tylden

G.nr. 59 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Andreas Tylden f. 1870 28/10 gardbr. Sogndal.

SVAR

1. Orda eng og utmarkaslått bruka ein i same tyding som nemnt i emnelista.
Orda ekre og attlege er kjende.
Ekre brukar ein om eit engstykke som ein gong var åker, attlege om åker som som anten grodde til utan vidare eller dei kasta høyfræ uti han.
Ein bruka å skilja mellom kvaliteten: tjukk-eng, tö-eng og tunnslögda for småeng.
Finare høy kalla ein småhøy. Høy frå utslåtter kallast markahøy.

2. Rydjing:
Ryding om våren. Arbeidet gjekk (går) for seg med høyriva (rydjeriva)
Rydjedunge. Arbeidet: rydjing. Kvisthaugane rotna. Kjenner ikkje til brenning og oska til gjödsel.
Store og små steinar fekk liggja i fred.

3. Mosen fekk gro. Dei kasta høyfræ (frå löa) i åker som skulle gro att.

3007

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

3007

4.

Ikkje kjennskap til bortleiing av vatn frå myr eller vassjuk jord i eldre tid. Derimot bruka dei å vatna i samband med gjodsling. (Skôleveitar)

5. Ein gjödsla berre enga med vintergjödsel. Dette kom i bruk kring 1870. På lag $\frac{1}{4}$ vart nytta til enga. Sauemök, og på lag 4 lass på målet (1 da.)

6. Ein bruka nemninga „töeng" og „tö-engjehöy".

7. Husa sett med tanke på gode engstykke nedanfor. Har nemninga „tösig".
Småveitar til å spreia siget.
Lotig el. likn. ikkje kjent.
Åkrar på haugar eller i bakkar med föremål som nemnt ikkje kjent.

8. Enga gjödsla ein om våren. Fyrst var det å klubba smalemóka. Det gjekk for seg med vanleg greve (mókaklubbing) Móka vart köyrd utover med vanleg treslede (tremei) Det var vanleg at ein sprette frå eine tindla, og deretter kvelvde ein lasset til sides. Ein spreidde móka med med skoreka eller greip.



II

Jarngreipa kom fyrst i bruk i 1880 åra.

9. Det har vori i bruk å beita eng og utslåtter. Men ikkje med serleg tanke på gjødsling.
Ein rekna med at beitt mark fekk tettare grasrot. Dei beitte all eng. Og over alt, vår og haust.

10. Vårbeiting er det mindre av no, anna med smale. Haustbeiting vanleg på natureng.

11. Ein brukar rive eller greip til å jamna móka utover. Andre reiskapar eller nemningar ukjende.

12. Krótera overnatta i stølsfjøs i haust og vårstøl. Fleire fjøs ukjent. Gjødsla spreidd om hausten.
Venteleg var krótera i innhegning om natta i gamal tid. Namn som Hodlekve og Storekvenao skulle tyda på det. Desse er no gardsbruk.

14, 15, 16 og 17. Ukjent.
18. Ukjent.
19. Ein brukar ordet trò (tròi), men berre om leitet tett kring stølshusa. Elles ikkje i bruk. „Det er nett som ei trò", seier ein, når det er serleg skite og blautt ein stad.

20. På sætra er det jamnast inngjerd

3007
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

3007

slåttemark (Stølsgjerdet). Gamalt
i Sogndal. Alt som oftast vert støls-
gjerdet onna her endå. Det vert gjødsla
med vanleg spreiing eller skòleveit.

21. Vart gjødsla med oske, som ein
spreidde med handa.